



Midlar til unike regionale utviklingsprosjekt

Midlar for 2017 og 2018 vert lyst ut saman og utgjer om lag 10,87 mill. kr, forutset uendra ramme i 2018.

(erstattar dei tidligare "Konsesjonskraftmidlane")

Formål	<p>Midlane skal gå til regionale utviklingsprosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket.</p> <p>Det er ein føresetnad at prosjekta medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn - lokalt som regionalt.</p> <p>Hordaland fylkeskommune ønskjer saman med kommunane, næringslivet og andre utviklingsaktørar, å bidra til positiv regional utvikling.</p>
Kven kan søkje	<p>Hordaland fylkeskommune inviterer med dette primært kommunane til å søkje om investeringstilskot til unike regionale utviklingsprosjekt. Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må kunne dokumentera god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.</p>
Søknadsfrist	<p>15. juni 2017. <i>Ein tek sikte på handsaming av søknadane i Fylkesutvalet 29. september 2017.</i></p>
Kva kan støttast	<p>Støtta skal gå til investering i lokalt forankra unike utviklingsprosjekt der ein kan skape noko særmerkt som styrkar kommunen og regionen. Prosjekta bør ha ambisjonar om å verte synlege landemerke i regionen og forvente å ha lokale og regionale ringverknader.</p> <p>Midlane er primært tiltenkt investeringsformål. Midlane skal ha ein utløysande effekt og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretiserte.</p>
Krav til søknaden	<p>Søkjar må grunngje kvifor prosjektet er strategisk viktig for regionens utvikling og forventa regionale ringverknader.</p> <p>Ein prioriterer prosjekt som er klar for realisering med ferdig forprosjekt.</p> <p>Alternativt må planlegging av prosjekta vere avslutta</p>

seinast i løpet 2017 og ha oppstart i 2018. Det må synleggjerast at prosjekta er så modne at dette er realistisk.

Det vert stilt krav til realismen i prosjekta og til framdriftsplanane.

Prosjekta må dokumentera finansieringsplan. Om dette ikkje er på plass ved innsending av søknaden, ber vi om at dette vert ettersendt så snart som råd og før søknaden vert handsama.

Detaljert budsjett og finansieringsplan med oppsett over prosjektering, utbygging og totalt.

Finansiering dokumenterast ved kopi av vedtak eller tilsegn.

Aktørar som støttar søknaden dokumenterast ved eventuelle vedtak, støtteerklæring o.l..

Tilhøve til offentlege planar og naudsynt løyve/ konsekjonar o.l., anna relevant informasjon, eventuelt link til nettside.

Vedlegg kan lastast opp i forbindelse med innsending av søknad i regionalforvaltning.no.

Lenkjer

Ein viser til sentrale utfordringar og mål innafor regional utvikling omhandla i tre sentrale planar og rår søkjarar å gjera seg kjend med og å legge desse dokumenta til grunn for utviklingsprosjekta.

1. [Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017](#)
2. [Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017 \(HNN\)](#)
3. [Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026](#)

Kontaktperson

Kari Patricia Kleppe
Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no
Mobil: 90993968

Søknadsskjema

Søkjar må registrere seg på
www.regionalforvaltning.no

Bruk støtteordning "Regionale utviklingsprosjekt Hordaland" på www.regionalforvaltning.no

[Til oversyn over tilskotsordningane innan heilskapeleg samfunnsutvikling](#)
